



Mange dyktige kakepyntarar! Gunn Mari nr.2 frå venstre(Foto: Husnesnett/Frode M. Blokhus)

**I samband med Husnesdagane vart det i går arrangert ein uhøgtideleg konkurranse i kakepynting mellom sentrale politikarar i lokalpolitikken. Kvart parti hadde plukka ut ein representant til å delta i konkurransen. Det var kun ein uskedeling som var kvalifisert. Det var den allsidige og omtykte høgrepolitikaren vår - Gunn Mari Moberg. Også denne oppgåva meistra ho på beste måte og gjekk heilt til topps i konkurransen.**

Også dei andre partia stilte med sterke kakepyntarar så konkurransen var knivskarp! Venstre stilte med einaste mannlege deltakar; - lokallagsleiaren Kent Are Kjørsvik Petterson. Elles var desse damene med: Elisabeth E. Tharaldsen(Frp), Hilde Enstad (A) og Hildegunn Eiane Aarthun(Krf).

Dommaren var i høgste grad profesjonell! Det var ingen ringare enn Peder Bakar; - også velkjend som framadstormande høgrepolitikar, organistvikar og mykje meir. Ja, så allsidig og god at han med god grunn kan kallast potet!

Kanskje vert dette eit fast innslag under Husnesdagane i framtida. Det kunne vore interessant å sjå om gjestegardsdrivar Magne Huglen, turleiar og turistguide Kjell Yri eller andre uskedalspolitikarar kunne følgja opp den flotte innsatsen til Gunn Mari dei komande åra!

Meir om konkurransen på Husnesnett [her](#).

Tekst: Thor Inge Døssland.